

Budsjett 2019



Økonomiplan 2019 – 2022

Framlegg frå rådmannen til formannskapet 15.11.2018.

Formannskapet sitt vedtak i sak FS 023/18 av 29.11.2018

Kommunestyret sitt vedtak i sak KS 94/18 av 18.12.2018

Tabellar i dokumentet som er oppdaterte i samsvar med formannskapet sitt vedtak:

- Side 6: Utvikling i disposisjonsfondet
- Side 10: Driftsbudsjett 2019
- Side 11 : Budsjettskjema 1a drift
- Side 25: Investeringsbudsjett 2019
- Side 26: Budsjettskjema 2a investering
- Side 28: Økonomiplan drift 2019 – 2022
- Side 30: Økonomiplan investering 2019 - 2022

Innhald

1. INNLEIING	4
2. HOVUDTAL I BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN	4
2.1 Driftsbudsjett 2019.....	4
2.2 Investeringsbudsjett 2019.....	5
2.3 Økonomiplan drift 2019 - 2022	5
2.4 Økonomiplan investeringar 2019 - 2022.....	6
2.5 Rådmannen si vurdering.....	7
3. DRIFTSBUDSJETTET 2019.....	9
3.1.1 Innleiing og tabellar	9
3.1.2 Kommenterar til driftsbudsjett 2019	11
4. ANSVARSOMRÅDA.....	14
4.1. Ansvar 100 -110 Politisk styring	14
4.2. Ansvar 120 - 132 Administrativ leiing og fellesfunksjonar	14
4.3. Ansvar 200 Skule	15
4.4. Ansvar 210 Barnehage	16
4.5. Ansvar 220 Kultur	17
4.6. Flyktning	18
4.7 Ansvar 305 Familie og helse	18
4.8 Ansvar 315 Omsorg og rehabilitering	19
4.8. Ansvar 320 NAV	20
4.9 Ansvar 400 – 415 Plan og næring	21
4.10 Ansvar 420 Drift og vedlikehald kommunale bygg.....	21
4.11 Ansvar 422 Energi kommunale bygg	22
4.12 Ansvar 500 Etnedal kyrkjelege fellesråd.....	22
4.13 Ansvar 800 Finansiering	23
5. INVESTERINGSBUDSJETT 2019.....	24
6. ØKONOMIPLAN DRIFT OG INVESTERING 2019 – 2022.....	27
7. VEDLEGG.....	33
Vedlegg 1: Gebyrregulativ for kommunalt vatn og avløp.....	33

Vedlegg 2: Gebyrregulativ for behandling av byggesaker m.m., jfr. Lov om planlegging og byggesaksbehandling	34
Vedlegg 3: Gebyrregulativ for behandling av saker etter konsesjonslov og jordlov	39
Vedlegg 4: 1. Gebyrregulativ for arbeid etter lov om eigedomsregistrering (matrikkellova). 2. Gebyr for arbeid etter eigarseksjonslova	40
Vedlegg 5: Gebyrregulativ for behandling av søknad om utsleppsløyve / mindre avløpsanlegg	44
Vedlegg 6: Gebyr og betalingssatsar 2019	45

1. INNLEIING

Jamfør budsjettføresegna til kommunelova skal årsbudsjettet for komande kalenderår bli vedteke innan utgangen av året før budsjettåret. Budsjettet utgjer fyrste året i økonomiplanen. Årsbudsjettet er ein bindande plan for kommunen sine midlar og bruken av desse i budsjettåret. Budsjettet skal omfatte heile verksemda til kommunen. Årsbudsjettet har ein driftsdel og ein investeringsdel.

Budsjettet for 2019 er bygd over dei måla som kommunestyret har gjeve i kommuneplanens samfunnsdel 2016 – 2026 vedteke av kommunestyret 28.04.2016. I tillegg har innspel i budsjettprosessen for 2019 vore styrande ved utarbeiding av budsjett for dei ulike einingane.

Kommunestyret fatta slik vedtak i sak 101/17 (budsjett 2018) punkt 6:

Kommunestyret ber om at administrasjonen på alle nivå i organisasjonen fortsetter arbeidet med å tilpasse tjenestetilbud og driftsnivå til framtidige rammebetingelser.

Med dette som bakgrunn starta administrasjonen prosessen med budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022 i januar 2018. Det vart sett ned grupper for å arbeide med driftstilpassingframlegg på kvar eining.

Det er naudsynt at budsjettet tek omsyn til behovet for nye tiltak og tilpassing av tenestenivået. I tråd med budsjettprosessen tidlegare år har kvar einskild eining gjeve innspel til behovet for nye tiltak både i driftsbudsjettet og i investeringsbudsjettet.

Det årlege dialogseminaret er arena for felles administrativ og politisk drøfting av budsjett og økonomiplan for neste planperiode. Som grunnlag for dette seminaret var lagt til grunn:

- styringsinformasjon frå årsmelding 2018
- innspel frå administrasjonen på endringar i drift, under dette innspel på behovet for nye drifts- og investeringstiltak

Drøftingane i dialogseminaret har vore førande for det vidare administrative arbeidet med budsjett og økonomiplan. I tillegg legg framlegg til statsbudsjett for 2019 føringar for innhaldet.

2. HOVUDTAL I BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

2.1 Driftsbudsjett 2019

Rådmannen legg fram eit driftsbudsjett for 2019 med balanse mellom inntekter og utgifter. Det er då ikkje lagt inn bruk av disposisjonsfond.

I rådmannen sitt framlegg til investeringsbudsjett for 2019 er det gjort framlegg til investeringar på vatn- og avløpsløyseing på 2,1 mill kr. Av dette utgjer utbygging på Lenningen 1,8 mill kr. Det er ikkje budsjetttert inntekter knytt til ny utbygging av vatn- og avløpsløyseing på Lenningen i 2019.

Budsjettet for 2019 inneheld mange estimatpostar der utrekningar er gjorde etter beste skjønn ut frå det som er kjent på tidspunktet for utarbeidinga. Det er alltid usikkerheit knytt til estimatpostar, og det er rådmannen si vurdering at det er naudsynt å ta høgde for dette.

I budsjettet for 2019 er skilnaden mellom statstilskot flyktningar og utgifter til flyktingtenesten vel 2,1 mill kr, og dette går inn som ei inntekt i budsjettet til bruk på andre tenester. Tidlegare år vart denne skilnaden sett av til disposisjonsfond, men dette prinsippet vart endra frå og med 2018.

2.2 Investeringsbudsjett 2019

Rådmannen sitt framlegg til investeringsbudsjett viser ei brutto investeringsramme for 2019 på nær 22 mill kr inkludert investeringsprosjekt som alt er vedtekne, men ikkje gjennomførte. Etter justering for meirverdiavgift og tilskot er budsjettert låneopptak i 2019 nær 16 mill kr. I tillegg blir det teke opp 1 mill kr i lån til vidare utlån (startlån).

2,475 mill kr av investeringsbudsjettet knyter seg til tidlegare vedtekne prosjekt. Desse er:

Rebudsjettering utbetring Svilosvegen		600 000
Rebudsjettering ekstraordinært vedlikehald Nord-Etnedal kyrkje		1 875 000
Sum rebudsjettering vedtekne prosjekt		2 475 000

Rådmannen rår til utbygging av vatn- og avløp på Lenningen. Dette er i tråd med planar som tidlegare er presentert i kommunestyret og også forankra i samfunnsdelen til kommuneplanen.

Nokon av investeringsprosjekta som er vedtekne i økonomiplanen for 2018 – 2021 er tekne ut i rådmannen sitt framlegg til investeringsbudsjett for 2019. Her viser me til saksframstillinga punkt 6 i rådmannen sine tiltak.

Rådmannen rår til at alle investeringar i økonomiplanperioden blir lånefinansierte.

For fullstendig oversikt over investeringsprosjekt i rådmannen sitt framlegg viser me til tabellar og notar under kapittel 6.

2.3 Økonomiplan drift 2019 - 2022

Det er lagt til grunn ein årleg lønns- og prisvekst på 3,0 % i komande år økonomiplanperioden. Årleg forventa vekst i rammetilskot er 0,8 %. Vidare er det føresett at utgifter knytte til ansvar 228 Flyktningar balanserer med forventa tilskot til dette føremålet same året i perioden 2020 - 2022.

Rådmannen legg fram økonomiplan for planperioden 2019 - 2022 med desse hovudtala:

Økonomiplan drift 2019 - 2022				
	2019	2020	2021	2022
Sum inntekter	143 174 055	141 132 279	141 430 888	142 284 118
Sum driftsutgifter	138 708 783	137 429 153	138 730 428	141 217 941
Brutto driftsresultat	4 465 272	3 703 125	2 700 460	1 066 177
Resultat av eksterne finanstransaksjonar	-3 866 200	-4 935 000	-6 137 700	-6 139 000
Netto driftsresultat	599 072	-1 231 875	-3 437 240	-5 072 823
Rekneskapsm. meir/mindreforbruk	599 072	-1 231 875	-3 437 240	-5 072 823

Dersom tala i framlegg til økonomiplan 2019 – 2022 blir lagt til grunn, vil utviklinga i disposisjonsfondet bli som vist i tabellen:

<i>Alle tal i heile tusen</i>					
Utvikling disposisjonsfondet	2018	2019	2020	2021	2022
Saldo pr 01.01.	44 810	30 930	30 766	28 872	24 753
Akkumulert premieavvik	-7 750				
Budsjettert brukt til drift/inv	-6 130	-164	-1 894	-4 119	-5 775
Rest 31.12	30 930	30 766	28 872	24 753	18 978

Akkumulert premieavvik må bli halde utanom då dette ikkje representerer likvide midlar.

Tabellen viser at kommunen har tid til å gjera snuoperasjonen med driftstilpassingar.

2.4 Økonomiplan investeringar 2019 - 2022

Rådmannen sitt framlegg til investeringsbudsjett viser ei brutto investeringsramme for 2019 på nær 22 mill kr inkludert rebudsjetterte investeringsprosjekt som alt er vedtekne, men ikkje gjennomførte. Etter justering for salsinntekter, meirverdiavgift og tilskot er budsjettert låneopptak i 2019 nær 16 mill kr. I tillegg blir det teke opp 1 mill kr til vidare utlån (startlån)

For resten av planperioden (2020 - 2022) er brutto investeringsramme totalt vel 30 mill kr. Av dette utgjer utbygging av VA-løysing på Lenningen 25 mill kr. Det kan bli vidare investeringar i vatn og avløp i planperioden, men dette er førebels i utgreiingsfasen.

Totalt vil rådmannen sitt framlegg til økonomiplan for investeringar medføre at lånegjelda til Etnedal kommune vil auke med nær 20 mill kr i planperioden.

Tabellen viser utvikling i lånegjeld og tilhøvet mellom lånegjeld og driftsinntekter:

Alle tal i heile tusen

Utvikling lånegjeld i økonomiplanperioden 2019 - 2022					
	2018	2019	2020	2021	2022
Saldo 01.01	76 500	80 247	91 735	109 219	103 657
Nye låneopptak	10 273	15 885	22 302	-	30
Nedbetaling	(6 526)	(4 397)	(4 818)	(5 562)	(5 476)
Saldo lånegjeld 31.12	80 247	91 735	109 219	103 657	98 211
Sum driftsinntekter	143 174	143 174	141 132	141 431	142 284
Lånegjeld i % av driftsinntekter	56,05	64,07	77,39	73,29	69,02
Tilrådd disposisjonsfond (12%)	17 181	17 181	16 936	16 972	17 074
Disposisjonsfond i økonomiplanen	30 930	31 409	30 178	26 741	21 669
"Reserve"	13 749	14 228	13 242	9 769	4 595
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	46,45	54,13	68,01	66,38	65,80

2.5 Rådmannen si vurdering

Økonomiplanen viser eit budsjettert meirforbruk i åra 2020 - 2022 med noverande kostnads- og tenestenivå. Etnedal kommune har dei siste åra hatt gode økonomiske resultat, og har eit bra disposisjonsfond og god likviditetsreserve. Årsaka til resultata dei siste åra er nøktern og god drift, men også betydelege inntekter knytt til flyktningar og integrering. Dette går fram av både rekneskap, årsmeldingar og budsjett for tidlegare år. Dei utfordringane me ser i økonomiplanen for 2019 – 2022 er difor ikkje ukjende. Driftstilpassingane som er gjennomførte og planlagte viser at nivået på meirforbruket i dei komande åra har gått ned i høve til økonomiplan 2018 – 2021. Det viser at innsatsen gjev resultat.

Samstundes legg rådmannen fram eit investeringsbudsjett for planperioden med moderat nivå på investeringar og låneopptak. Auke i lånegjeld i perioden gjer kommunen sårbar for endringar. Det er rådmannen si vurdering at det ikkje vil vera rom for store investeringar framover ut over det som er innarbeidd i økonomiplanen.

Etnedal kommune har eit disposisjonsfond som ved utgangen av 2019 reelt vil vera på nær 31 mill kr, sjå tabell ovanfor.

Økonomiplanen for 2019 – 2022 viser eit behov for reduksjon i driftsutgifter og/eller auke av driftsinntekter. Driftsmarginane blir svekka, og arbeidet med å tilpasse nivået på drift må halde fram. Svak vekst i frie inntekter saman med store investeringar gjev utfordringar på driftssida.

Det er rådmannen si vurdering at det er naudsynt at driftstilpassingsprosessen som starta i 2018 for å møte framtidige økonomiske rammer held fram. Denne prosessen må resultere i ein betydeleg reduksjon av framtidig kostnadsnivå og/eller auke av inntekter. Dette er avgjerande for at Etnedal kommune framleis skal kunne gje gode tenester i åra ut over planperioden.

Driftstilpassingsarbeidet har ført til at rådmannen for 2019 legg fram eit budsjett i balanse utan bruk av disposisjonsfond. Folketalsnedgangen i Etnedal fører til at framtidige frie inntekter går ned. Tabellane over viser at Etnedal kommune har tid til omstilling. Det er også naudsynt å skape rom for nye tiltak og utvikling gjennom driftstilpassing av eksisterande struktur og nivå på tenestene.

På inntektssida er det eit uutnytta inntekspotensiale på sjølvkostområdet. Framlegg til investeringar knytte til utbygging av VA på Lenningen vil kunne betre denne situasjonen framover. Dette er førebels ikkje lagt inn i driftsbudsjettet då innretninga på dette ikkje er klart.

Etnedal kommune har også eit inntekspotensiale på eigedomsskatt. I rådmannen sitt framlegg til økonomiplan er dagens skattesats på 4 o/oo vidareført for alle eigedomar utanom næringseigedomar og kraftnett i heile planperioden. Det er høve til å auke denne promillen til maks 7 (eller 5 dersom framlegg til statsbudsjett blir vedteke).

Etter ei endring i eigedomsskattelova har omgrepet verk og bruk falle bort. I staden er alt slikt no å rekne som næringseigedom. Skatt på produksjonsrelaterte maskinar, nettliner og liknande fell difor bort, men det er gjeve overgangsreglar slik at dette skjer over ein sjuårsperiode. For Etnedal kommune dreier dette seg om eit totalt tap på nær 138.000 kr, men statsbudsjettet legg opp til dette tapet skal kommunen for ein stor del få kompensert.

Etter Eigedomsskattelova § 8 A-3, 2. leden skal det vera ei allmenn taksering i kommune kvart tiande år. Dersom det ligg føre særlege tilhøve, (...) kan kommunestyret avgjera at takseringa skal skje seinare, men ikkje seinare enn tre år etter at siste allmenne taksering skulle ha skjedd.

Etter § 8 A-4 kan kommunestyret i staden for allmenn taksering gjera vedtak om kontorjustering. Ei slik justering kan ikkje overstige 10 % av grunnlaget som vart taksert for meir enn ti år sidan. Det er ikkje lagt inn korkje utgifter til omtaksering eller auka inntekter i etterkant av slik taksering i økonomiplanperioden.

Det er rådmannen si vurdering at Etnedal kommune gjennomgåande har eit godt nivå på tenestene.

3. DRIFTSBUDSJETTET 2019

3.1.1 Innleiing og tabellar

Driftsbudsjettet for 2019 går fram av tabellane nedanfor. Under avsnitt 3.1.2 er det knytt kommentarar til den einskilde posten i budsjettet. I kapittel 4 finn du detaljar for kvart ansvar.

Desse føresetnadene er lagt inn i driftsbudsjettet for 2019:

- Det er budsjettert med lønnsauke på 3,2 % frå 01.05.2019.
- Straumpris er estimert til 100 øre pr kilowatttime for 2019.
- Rentenivået på lån med flytande rente er budsjettert med 2,25%.

Driftsbudsjett 2019	Budsjett 2019	Budsjett 2018	Rekneskap 2017
Driftsinntekter			
Brukarbetalingar	5 416 000	5 546 000	5 636 430
Andre sals- og leigeinntekter	13 525 490	14 015 890	13 206 313
Overføringer med krav til motyting	4 525 817	5 441 816	14 991 823
Rammetilskot	71 494 000	73 241 000	69 668 332
Andre statlege overføringer	7 793 816	9 225 000	13 959 726
Andre overføringer	147 932	50 000	704 028
Skatt på inntekt og formue	33 000 000	28 732 000	32 166 951
Eigedomsskatt	7 271 000	7 050 000	7 066 706
Andre direkte og indirekte skattar		-	-
Sum driftsinntekter	143 174 055	143 301 706	157 400 309
Driftsutgifter			
Lønnsutgifter	78 735 873	82 861 048	87 944 050
Sosiale utgifter	14 695 440	15 869 174	17 167 046
Kjøp av varer og ten som inngår i ten.produksjon	13 931 920	13 876 300	18 035 954
Kjøp av tenester som erstattar ten.produksjon	28 537 050	27 158 700	29 106 830
Overføringer	3 451 500	4 044 500	7 634 745
Avskrivningar			5 987 197
Fordelte utgifter			-1 902 057
Sum driftsutgifter	139 351 783	143 809 722	163 973 765
Brutto driftsresultat	3 822 272	-508 016	-6 573 456
Finansinntekter			
Renteinntekter og utbytte	2 274 200	4 998 900	4 841 977
Vinst på finansielle instrument (omløpsmidlar)	-	-	-
Mottekne avdrag på utlån	-	-	500
Sum eksterne finansinntekter	2 274 200	4 998 900	4 842 477
Finansutgifter			
Renteutgifter og låneomkostningar	1 743 400	1 567 300	1 248 276
Tap på finansielle instrument (omløpsmidlar)	-	-	-
Avdrag på lån	4 397 000	6 526 000	4 022 742
Utlån		-	-
Sum eksterne finansutgifter	6 140 400	8 093 300	5 271 018
Resultat eksterne finanstransaksjonar	-3 866 200	-3 094 400	-428 541
Motpost avskrivningar	-	-	5 987 197
Netto driftsresultat	-43 928	-3 602 416	-1 014 801
Interne finanstransaksjonar			
Bruk av tidl års reknesk.m. mindreforbruk	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	163 648	3 722 136	130 000
Bruk av bundne fond	180 280	180 280	941 341
Sum bruk av avsetningar	343 928	3 902 416	1 071 341
Overført til investeringsreknskapen	-	-	-
Dekking av tidl års reknesk.m. meirforbruk	-	-	-
Avsett til disposisjonsfond	-	-	-
Avsett til bundne fond	300 000	300 000	1 384 831
Sum avsetningar	300 000	300 000	1 384 831
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	-	-	-1 328 290

Budsjettskjema 1A - drift	Budsjett 2019	Budsjett 2018	Rekneskap 2017
Skatt på inntekt og formue	33 000 000	28 732 000	32 166 951
Ordinært rammetilskot	71 494 000	73 241 000	69 668 332
Skatt på eigedom	7 271 000	7 050 000	7 066 706
Andre direkte eller indirekte skattar	-	-	-
Andre generelle statstilskot	7 793 816	9 225 000	13 959 726
Sum frie disponible inntekter	119 558 816	118 248 000	122 861 715
Renteinntekter og utbyte	2 274 200	4 998 900	4 841 977
Vinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	-	-	-
Renteutg., provisjonar og andre fin.utg.	1 743 400	1 567 300	1 248 276
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	-	-	-
Avdrag på lån	4 397 000	6 526 000	4 022 742
Netto finansinnt./utg.	-3 866 200	-3 094 400	-429 041
Til dekking av tidl reknesk.m. meirforbruk	-	-	-
Til ubundne avsetningar	-	-	-
Til bundne avsetningar	300 000	300 000	1 384 831
Bruk av tidl reknesk.m. mindreforbruk	-	-	-
Bruk av ubundne avsetningar	163 648	3 722 136	130 000
Bruk av bundne avsetningar	180 280	180 280	941 341
Netto avsetningar	43 928	3 602 416	-313 490
Overført til investeringsbudsjettet	-	-	-
Til fordeling drift	115 736 544	118 756 016	122 119 184
Sum fordelt til drift	115 736 544	118 756 016	123 447 474
Meir/mindreforbruk	-	-	-1 328 290

3.1.2 Kommentarar til driftsbudsjett 2019

Brukarbetalingar

Framlegg til endringar i avgifts- og betalingssatsar frå 2019 er innarbeidde i talbudsjettet. Etter gjeldande økonomireglement, delreglement for årsbudsjett, er fullmakta til å fastsetje eigenandelar og prisar ved sal av varer og tenester i kommunen delegert til rådmannen der desse ikkje er fasett av anna mynde, sjå vedlegg kapittel 7 Gebyr og betalingssatsar. Nivået på brukarbetalingar er i stor grad styrt av sentrale føresegner, og høvet for å auke desse utover i økonomiplanperioden er svært avgrensa.

Det er ikkje lagt opp til justeringar utover ordinær prisjustering i planperioden.

Andre sals- og leigeinntekter

Etnedal kommune har låg dekningsgrad på sjølvkostområda. Sjølv om dekningsgraden er låg, er ikkje gebyra i kommunen særskilt låge. I Etnedal kommune er det etter høva få abonnentar å dele kostnaden på. Dette kan endre seg noko utover i planperioden dersom det blir tilkoplingar etter kvart som nye vatn- og avløpsanlegg blir bygde ut i hytteområda.

Overføringer med krav om motyting

Overføringer med krav om motyting er justert i samsvar med framlegg til driftsnivå for 2019. Store postar her er tilskot til delvis dekning av ressurskrevjande tenester innan skule, barnehage, helse og omsorg. Refusjon sjukepengar er den største posten her. Det blir ikkje budsjetttert med refusjon sjukepengar ut over arbeidsgjevarperioden.

Rammetilskot

Rammetilskot inklusive inntektsutjamnande tilskot utgjer kr 71.494.000 for 2019, (73.242.000 for 2018, 75.352.000 for 2017) dvs ein nedgang på om lag 2,4%. Nedgangen skuldast både redusert folketal og endringar i nivå på tenesteyting, men mest redusert inntektsutjamning. Tenestetilbodet i Etnedal kommune er sårbart for endringar i statlege rammeoverføringer.

Rammetilskotet inneheld fleire tilskotselement der innbyggjartilskotet er det største. Dette blir fordelt etter innbyggjartal 1. januar 2018 som var 1.352 innbyggjarar. Pr 1. juli 2018 var talet 1.326. Det er ikkje positivt for framtidige rammetilskot at innbyggjartalet går ned.

Andre statlege overføringer

Hovuddelen av andre statlege overføringer er inntekter relatert til flyktingtenesten. I 2019 er det ikkje budsjetttert med nye busetjingar. Administrasjonen har innarbeidd inntektene på flyktingtenesten slik at eit overskot (i 2019 på om lag 2,1 mill kr) blir nytta til å finansiere faste driftsutgifter på andre tenesteområde.

Andre overføringer

På denne posten finn me øyremerka tilskot hovudsakleg frå fylkeskommunen.

Skatt på inntekt og formue

Skatteinntektene for 2019 er budsjetterte med utgangspunkt i statsbudsjettet for 2019. Erfaring viser at Etnedal kommune har ein svakare skatteinngang enn landsgjennomsnittet. Skatteinngangen i Etnedal har likevel vore god i høve til gjennomsnittleg skatteinngang på landsbasis i 2018. Økonomien til Etnedal kommune er svært sårbar for svingingar i skatteinngangen.

Eigedomsskatt

I administrasjonen sitt framlegg til økonomiplan er vedteken eigedomsskattesats for næringsseigedomar og kraftnett på 7 o/oo vidareført. Unnataket er fritidseigedomar, hytter og andre eigedomar som har 4 o/oo. I samband med lovendring der omgrepet «verk og bruk» går ut or eigedomsskattelova, og desse objekta i staden blir næringsseigedomar, gjer administrasjonen framlegg om å nytte ei overgangsordning over 7 år.

Lønn og sosiale utgifter

Lønn og sosiale utgifter utgjer i budsjettet for 2019 om 67 % av driftsutgiftene. Dette er lågt i kommunal samanheng, men har delvis samanheng med at kommunen deltek i fleire kommunale samarbeidsordningar der utgifta for deltakande kommunar kjem fram som kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon.

Som ein del av arbeidet med konsekvensjustert budsjett for 2019 er det gjort ein gjennomgang av alle stillingsheimlar. Det viktig å skaffe den rette kompetansen ved tilsettingar for å halde tal på stillingsheimlar nede i åra som kjem. Stillingsbudsjettet er redusert med omsyn til både faste og mellombelse stillingar i tråd med driftstilpassing og andre endringar i drifta. I rådmannen sitt framlegg til budsjett er det ikkje framlegg om å opprette stillingar.

Forventa auke i lønnsutgifter basert på stillingsmassen 1. januar 2019 er 3,2 % i budsjett for 2019. I tillegg er det på nokre einingar gjort anslag for bruk av vikarar og ekstrahjelp.

Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjon

Det er ikkje lagt inn generell prisauke i budsjettpostane for kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon, men kvar einskild post er vurdert ut frå erfaringsmessig behov. Straum- og andre fyringsutgifter er ei stor og variabel driftsutgift. Budsjettet føreset same forbruk,

men auka pris både på straum og bioenergi som i 2018 sjølv om kommunen no vil setje i gang ENØK-arbeid. I 2019 er det budsjettert med ein gjennomsnittspris på 100 øre per kilowatttime eks mva.

Kjøp av varer og tenester som erstattar tenesteproduksjon

Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon omfattar hovudsakleg interkommunale samarbeidsordningar. Administrasjonen sitt framlegg til budsjett for 2019 er basert på budsjettframlegg frå vertskommunane. For nærare oversikt sjå tabell uner kapittel 4.14.

Overføringar

Den største budsjettposten på overføringsutgifter er tilskotet til kyrkjeleg fellesråd.

Eksterne finanstransaksjonar

Den største posten her er renter på ansvarleg lån frå VOKKS (Vestoppland Kommunale Kraftselskap AS). Det er ikkje budsjettert med utbyte frå VOKKS i 2019. Dette representerer eit inntektstap på vel 2,4 mill kr i høve til tidlegare år.

Renter på bankinnskot baserer seg på om lag same innskotsmasse som tidlegare. Rente- og avdragsutgifter baserer seg på eksisterande lånemasse i tillegg nye låneopptak i samsvar med framlegg til økonomiplan investeringar. Rentenivået er no på tur opp etter eit historisk lågt nivå, og det er lagt inn 2,25% i budsjettet for 2019.

Interne finanstransaksjonar

Budsjettert bruk av og avsetning til bundne fond gjeld hovudsakleg næringsfondet. Det blir ikkje budsjettert med bruk av disposisjonsfond til drift i rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2019.

4. ANSVARSOMRÅDA

4.1. Ansvar 100 -110 Politisk styring

Politisk styring		Budsjett 2019	Budsjett 2018 (m endringar)	Rekneskap 2017
10	Lønnsutgifter	1 288 025	1 264 564	1 134 534
11	Driftsutgifter	251 000	176 000	215 758
13	Kjøp av tenester	-	-	-
14	Overføringsutgifter	133 000	133 000	175 193
15	Finansutgifter	-	-	550 000
17	Refusjonsinntekter	-	-	(31 733)
18	Overføringsinntekter	-	-	(550 000)
	TOTALT	1 672 025	1 573 564	1 493 752

Ansvar 100 - 110 inneheld desse tenestene:

	Teneste	Beløp (1.000 kr)
1000	Politiske utval	1 391
1005	Politiske parti	33
1010	Val	118
1100	Kontrollutval	30
1000	Til formannskapet sin disposisjon	100
	Sum	1 672

Auken frå 2018-budsjettet skuldast i all hovudsak at det er lagt inn utgifter til val i 2019.

4.2. Ansvar 120 - 132 Administrativ leing og fellesfunksjonar

Administrativ leing og fellesfunksjonar		Budsjett 2019	Budsjett 2018 (m endringar)	Rekneskap 2017
10	Lønnsutgifter	7 987 574	7 903 985	7 794 011
11	Driftsutgifter	1 657 500	1 568 500	1 963 113
13	Kjøp av tenester	5 887 000	5 487 000	5 510 383
14	Overføringsutgifter	803 500	851 300	901 052
15	Finansutgifter	300 000	300 000	287 350
16	Salsinntekter	(399 600)	(319 000)	(429 808)
17	Refusjonsinntekter	(658 917)	(653 916)	(1 068 786)
18	Overføringsinntekter	-	-	(2 000)
19	Finansutgifter/finanstransaksjonar	(127 500)	(240 500)	(297 729)
	TOTALT	15 449 557	14 897 369	14 657 586

Stillingsheimlar:

10,60

Auke i driftsramme skuldast utgifter til avgifter og lisensar ut frå rekneskapsmessige erfaringstal. Ansvarsområde 128 Flyktning er flytta til ansvar 228 av praktiske omsyn. Tala for 2017 og 2018 er korrigererte med omsyn til dette.

Ansvar 120 - 132 inneheld desse tenestene:

		Beløp
	Teneste	(1.000 kr)
1020	VNK	445
1105	Kommunerevisjon	330
1200	Rådmannens leiargruppe	3 065
1205	Økonomiavdeling	2 523
1210	Sekretariat	654
1220	Skatteoppkrevjar	272
1225	Bedrifthelseteneste	240
1705	Eldreråd	11
4301	Skjenkjekontroll	-40
4820	Andre religiøse føremål	41
4925	Frivilligsentral	335
5260	LVK	4
122/132	Felleskostnader	2 805
124	IKT	4 150
126	PP-teneste	615
	Sum	15 450

4.3. Ansvar 200 Skule

Skule	Budsjett 2019	Budsjett 2018 (m endringar)	Rekneskap 2017
10 Lønnsutgifter	17 058 046	17 288 806	17 456 765
11 Driftsutgifter	2 353 000	2 309 200	2 690 243
13 Kjøp av tenester	190 000	-	264 381
14 Overføringsutgifter	8 000	8 000	222 303
16 Salsinntekter	(65 000)	(100 000)	(96 456)
17 Refusjonsinntekter	(720 000)	(830 800)	(2 379 255)
18 Overføringsinntekter	(880 000)	(400 000)	(834 385)
19 Finansutgifter/finanstransaksjonar	-	-	(121 220)
TOTALT	17 944 046	18 275 206	17 202 376

Stillingsheimlar:

26,68

Reduksjon i budsjett frå 2018 skuldast nedtak av stillingar. Ein miljøarbeidar er flytta frå familie og helse, difor ser det ut som det er auke i stillingsressursar, noko det også er isolert sett. Denne stillinga blir delvis finansiert av statstilskot.

Ansvar 200 inneheld desse tenestene:

		Beløp
	Teneste	(1.000 kr)
2200	Grunnskule	16 069
2420	Skulelokale	140
2440	Skuleskyss	1 473
2500	Skulefritidsordning	262
	Sum	17 944

4.4. Ansvar 210 Barnehage

Barnehage		Budsjett 2019	Budsjett 2018 (m endringar)	Rekneskap 2017
10	Lønnsutgifter	8 964 059	9 150 121	9 563 319
11	Driftsutgifter	349 000	349 000	591 086
13	Kjøp av tenester	-	-	188 638
14	Overføringsutgifter	80 000	80 000	238 505
15	Finansutgifter	-	-	-
16	Salsinntekter	(1 350 000)	(1 350 000)	(1 400 842)
17	Refusjonsinntekter	(240 500)	(458 600)	(1 081 806)
18	Overføringsinntekter	(125 748)	-	(24 908)
	TOTALT	7 676 811	7 770 521	8 073 992

Stillingsheimlar:

14,70

Ansvar 210 inneheld desse tenestene:

		Beløp
	Teneste	(1.000 kr)
2000	Eventyrskogen barnehage	7 298
2015	Matpengar	-150
2100	Styrka tilbod barnehage	399
2150	Barnehagelokale	50
4420	Økonomisk sosialhjelp	80
	Sum	7 677

4.5. Ansvar 220 Kultur

Kultur		Budsjett 2019	Budsjett 2018 (m endringar)	Rekneskap 2017
10	Lønnsutgifter	1 835 918	1 955 926	2 048 746
11	Driftsutgifter	586 500	703 000	691 864
13	Kjøp av tenester	325 000	338 000	410 844
14	Overføringsutgifter	307 000	320 000	441 739
15	Finansutgifter	-	-	26 111
16	Salsinntekter	(254 000)	(254 000)	(235 298)
17	Refusjonsinntekter	(251 600)	(250 000)	(459 819)
18	Overføringsinntekter	(50 000)	(50 000)	(50 000)
19	Finansutgifter/finanstransaksjonar	(50 000)	(50 000)	(183 290)
	TOTALT	2 448 818	2 712 926	2 690 897

Stillingsheimlar: 2,98

Endringar i lønsutgifter her skuldast variasjonar i kulturskuletilbodet frå år til år.

Ansvar 220 inneheld desse tenestene:

	Teneste	Beløp (1.000 kr)
1715	Ungdomsråd	9
2215	Den kulturelle skulesekken	5
2550	Ungdomsklubb	100
2600	Kulturskule	1 002
4620	Bibliotek	443
4660	Museum	72
4665	Kulturvern	38
4720	Hall	-18
4740	Kulturadministrasjon	444
4745	Andre kulturaktivitetar	71
4750	Kulturmidlar	238
4755	17. mai-arrangement	27
4760	Etnedalsdagane	16
4770	Samfunnshuset	2
	Sum	2 449

4.6. Flyktning

Flyktning		Budsjett 2019	Budsjett 2018 (m endringar)	Rekneskap 2017
10	Lønnsutgifter	3 267 393	4 538 981	4 905 170
11	Driftsutgifter	300 000	685 000	633 016
13	Kjøp av tenester	1 150 000	1 656 000	3 840 457
14	Overføringsutgifter	-	-	417 202
17	Refusjonsinntekter	(400 000)	-	88 603
	TOTALT	4 317 393	6 879 981	9 884 448

Stillingsheimlar:

2,50

Aktiviteten går naturleg ned ettersom tal flyktningar blir færre.

4.7 Ansvar 305 Familie og helse

Familie og helse		Budsjett 2019	Budsjett 2018 (m endringar)	Rekneskap 2017
10	Lønnsutgifter	15 233 126	17 837 918	17 758 911
11	Driftsutgifter	925 420	843 400	918 681
13	Kjøp av tenester	6 846 050	6 338 600	7 069 316
14	Overføringsutgifter	22 000	22 000	208 420
15	Finansutgifter	-	-	264 589
16	Salsinntekter	(476 000)	(576 000)	(468 887)
17	Refusjonsinntekter	(2 061 500)	(3 055 200)	(3 731 215)
18	Overføringsinntekter	(168 000)	(30 000)	(2 165)
19	Finansutgifter/finanstransaksjonar	-	-	(44 522)
	TOTALT	20 321 096	21 380 718	21 973 128

Stillingsheimlar:

20,31

Reduksjon i ramme frå 2018 til 2019 skuldast reduksjon i stillingar knytt til endra behov for tenesteyting og innarbeidde driftstilpassingstiltak.

Ansvar 305 inneheld desse tenestene:

		Beløp
	Teneste	(1.000 kr)
2700-2712	Helestatjonstenester	1 536
2720,3215,4225	Fysioterapi	871
3220,4230	Ergoterapi	481
2800-2900	Barnevern	2 885
3000,3425,4515	Kirkevoll	4 950
3010,3400	Psykiatri	2 135
4200,4215	Legeneste og legevakt	3 823
3005,4360	Arbeids-og aktivitetstilbod	991
3030,3430	Støttekontakter, BPA	412
3230	Barneavlastning (i institusjon)	796
3415	Avlastningsordning (utanfor inst)	688
4105	Jordmorteneste	185
4302	Krisesenter	116
4920	Etnedal Aktiv	223
3200,4900	Annan bistand	229
	Sum	20 321

4.8 Ansvar 315 Omsorg og rehabilitering

Omsorg og rehabilitering		Budsjett 2019	Budsjett 2018 (m endringar)	Rekneskap 2017
10	Lønnsutgifter	27 629 298	30 295 379	30 631 077
11	Driftsutgifter	1 932 000	1 930 000	2 645 764
13	Kjøp av tenester	2 140 000	2 111 000	2 503 391
14	Overføringsutgifter	-	-	573 289
15	Finansutgifter	-	-	53 896
16	Salsinntekter	(3 734 000)	(3 714 000)	(3 832 975)
17	Refusjonsinntekter	(90 300)	(90 300)	(2 616 720)
18	Overføringsinntekter	(250 000)	(250 000)	(545 233)
19	Finansutgifter/finanstransaksjonar	-	-	(201 777)
	TOTALT	27 626 998	30 282 079	29 210 712

Stillingsheimlar:

37,93

Reduksjon i ramme skuldast i all hovudsak reduksjon av tidlegare budsjetterte stillingar knytt til drift av nye omsorgsbustader.

Ansvar 315 inneholdt disse tenestene:

		Beløp
	Teneste	(1.000 kr)
3012	Dagsenter demens	73
3020	Trygghetsalarmer	-35
3030	Støttekontakter	42
3035	Matombringing	11
3045	Kjøkken hjemmeboende	-124
3050	Vaskeri hjemmeboende	-14
3200	Bistand, pleie og omsorg i institusjon	12 742
3205	Kjøkken institusjon	1 928
3210	Vaskeri institusjon	407
3300	Institusjonslokaler	120
3405	Hjemmsjukepleie	8 850
3410	Hjemmehjelpsordning	987
3420	Systemkontor	534
4220	Valdres Lokalmedisinske Senter	2 106
	Sum	27 627

4.8. Ansvar 320 NAV

NAV	Budsjett 2019	Budsjett 2018 (m endringer)	Rekneskap 2017
13 Kjøp av tenester	3 000 000	3 000 000	3 087 706
14 Overføringsutgifter	-	-	100 000
19 Finansutgifter/finanstransaksjonar	-	-	(100 000)
TOTALT	3 000 000	3 000 000	3 087 706

Ansvar 320 inneholdt disse tenestene:

		Beløp
	Teneste	(1.000 kr)
4300	NAV Administrasjon	889
4340	Tiltak mot rusmiddel	147
4400	Kvalifiseringsprogrammet	261
4420	Økonomisk sosialhjelp	1 703
	Sum	3 000

Totalbudsjettet til NAV er redusert med kr 276.000 i høve til framlegg til budsjett frå Nord-Aurdal kommune.

4.9 Ansvar 400 – 415 Plan og næring

Plan og næring		Budsjett 2019	Budsjett 2018 (m endringar)	Rekneskap 2017
10	Lønnsutgifter	5 799 305	6 500 861	9 134 056
11	Driftsutgifter	1 632 300	1 633 100	3 295 032
13	Kjøp av tenester	8 999 000	8 563 100	6 137 837
14	Overføringsutgifter	63 000	1 270 000	1 356 611
15	Finansutgifter	-	-	200 000
16	Salsinntekter	(9 592 000)	(10 366 000)	(11 130 899)
17	Refusjonsinntekter	(103 000)	(103 000)	(2 356 098)
18	Overføringsinntekter	-	-	(200 000)
19	Finansutgifter/finanstransaksjoner	(2 780)	(969 780)	(138 789)
	TOTALT	6 795 825	6 528 281	6 297 750

Stillingsheimlar:

8,03

Budsjettet fordelt pr ansvar:

	Ansvar	Beløp (1.000 kr)
400	Plan, bygg og oppmåling	776
404	Næring (landbruk)	1 285
408	Miljøvern	622
410	Beredskap (feiring og brannvern)	3 140
412	Kommunaltekniske tenester	973
415	VA-Lenningen	0
	Sum	6 796

4.10 Ansvar 420 Drift og vedlikehald kommunale bygg

Kommunale bygg - drift og vedlikehald		Budsjett 2019	Budsjett 2018 (m endringar)	Rekneskap 2017
10	Lønnsutgifter	5 128 197	4 969 328	5 023 088
11	Driftsutgifter	1 990 700	2 121 800	2 310 622
13	Kjøp av tenester	-	-	93 876
14	Overføringsutgifter	-	-	499 302
15	Finansutgifter	-	-	263
16	Salsinntekter	(3 070 890)	(2 882 890)	(3 014 255)
17	Refusjonsinntekter	-	-	(756 055)
	TOTALT	4 048 007	4 208 238	4 156 841

Stillingsheimlar:

8,43

Stilling som i 2018 vart overført til investeringsbudsjettet er ført over til drift i 2019. I tillegg er driftstilpassingstiltak knytt til reinhald lagt inn her.

Ansvar 420 inneheld desse tenestene:

		Beløp
	Teneste	(1.000 kr)
1400	Eigedomsforvaltning	1 171
1505	Kommunehus	413
1515	Reinhald	2 559
1900	Lagerbygg	55
2150	Lokale Eventyrskogen barnehage	115
2420	Skulelokale	710
3300	Institusjonslokale	658
4235	Helsehus	83
4500	Ordinære utleigebustader	-600
4510	Omsorgsbustader	-971
4515	Kirkevoll - bygg	-358
4520	Bustader psykiatri	-100
4525	Bustader flyktningar	-118
4720	Hall	518
5300	Næring	-87
	Sum	4 048

4.11 Ansvar 422 Energi kommunale bygg

Kommunale bygg - energi		Budsjett 2019	Budsjett 2018 (m endringar)	Rekneskap 2017
11	Driftsutgifter	2 290 000	1 986 000	2 335 168
14	Overføringsutgifter	-	-	421 072
16	Salsinntekter	-	-	(28 437)
17	Refusjonsinntekter	-	-	(421 072)
	TOTALT	2 290 000	1 986 000	2 306 731

4.12 Ansvar 500 Etnedal kyrkjelege fellesråd

Kyrkjeleg fellesråd		Budsjett 2019	Budsjett 2018 (m endringar)	Rekneskap 2017
14	Overføring	1 487 000	1 888 000	1 870 000
14	Verdi tenesteytingsavtale	113 000	212 000	209 000
	TOTALT	1 600 000	2 100 000	2 079 000

Tenesteytingsavtalen med fellesrådet er vedteken av kommunestyret.

Det er lagt inn ein reduksjon i overføring til kyrkjeleg fellesråd i rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2019. Bakgrunnen er at kyrkjeleg fellesråd har likviditet utover det som er naudsynt for ordinær drift. Likviditeten er delvis bygd opp via tilskot frå Etnedal kommune.

4.13 Ansvar 800 Finansiering

Finansiering		Budsjett 2019	Budsjett 2018 (m endringar)	Rekneskap 2017
10	Lønnsutgifter	(1 308 128)	(3 401 147)	(990 110)
11	Driftsutgifter	30 000	2 000	29 845
14	Overføringsutgifter	-	-	665
15	Finansutgifter	6 619 752	9 421 590	5 019 645
16	Salsinntekter	-	-	-
17	Refusjonsinntekter	-	-	(262)
18	Overføringsinntekter	(118 233 000)	(117 568 000)	(121 357 052)
19	Finansutgifter/finanstransaksjonar	(2 274 200)	(10 049 326)	(5 732 900)
	TOTALT	(115 165 576)	(121 594 883)	(123 030 169)

Reduksjonen i ramme på felles finansiering skuldast fleire tilhøve som verkar båe vegar:

- Lønnsavsetningsposten er auka , dvs utgiftsauke
- Estimert inntektsføring av premieavvik er auke, dvs inntektsauke
- Statstilskot i samband med flyktningar er redusert, dvs inntektsreduksjon
- Skatt på inntekt og formue er auka, dvs inntektsauke
- Rammetilskotet er redusert, dvs inntektsreduksjon
- Rente- og avdragsutgifter er redusert pga ekstraordinært avdrag i 2018, dvs utgiftsreduksjon
- Bruk av disposisjonsfond er redusert, dvs inntektsreduksjon
- Det er budsjettert med mindreforbruk, dvs utgiftsrauke

Ansvar 800 inneheld desse tenestene:

		Beløp
	Teneste	(1.000 kr)
1290	Lønnsavseting	2 636
1600	Årets premieavvik	-5 548
1620	Tidlegare års premieavvik	2 185
1640	Premiefond	-581
4005, 8500	Generelle tilskot flyktninger	-6 468
8000	Skatt på inntekt og formue	-33 000
8005	Eigedomsskatteinntekter	-7 271
8400	Rammeoverføringar	-71 494
8700	Avdrag og netto finanstransaksjonar	3 896
8800	Interne finanstransaksjonar	479
	Sum	-115 166

4.14 Interkommunalt samarbeid

Etnedal kommune deltek i mange interkommunale samarbeid. Alle budsjettala er med i ei eller anna eining, men som ei oversikt gjev me dei att i tabellen nedanfor. Dette mellom anna for å vise kor stort omfang dette har.

Deltaking i interkommunale samarbeid						
	Org	Inkl i ansvar	Totalt budsjett	Etnedal sin del	Vertskommune	Kostnadsfordeling
Skatteoppkrevjaren for Valdres	§ 27	120	3 628 000	272 000	Nord-Aurdal	Etter folketal
FOKVA - Forsikring Valdres	§ 27	120	113 000	7 000	Sør-Aurdal	Etter folketal
Innkjøp Valdres	§ 27	120	818 000	63 000	Sør-Aurdal	Etter folketal
VNK	§ 27	120	15 318 000	345 000	Nord-Aurdal	Totalt kommunetilskot er 4.500, etter folketal
Kommunerevisjon IKS	IKS	120		330 000		Faktisk timeforbruk
IKT Valdres IKS	IKS	124	36 950 000	4 100 000		Etter forbruk, 10,6 % i 2018
PP-teneste og logoped	§ 28	126	8 206 000	615 000	Nord-Aurdal	Etter folketal
Krisesenter		305		116 000		Tilskot
Valdres jordmorteneste	§ 28	305	2 338 000	234 000		Etnedal kommune sin del er 10%
Valdres legevakt	§ 28	305	16 016 000	1 602 000	Nord-Aurdal	Etnedal kommune sin del er 10%
Barnevern	§ 28	305	8 316 000	2 885 000	Nord-Aurdal	35 % = 1/4, 65 % etter folketal
SMISO, krisesenter Hønefoss	§ 28	305		4 000		Tilskot
Kreftkoordinator		315		30 000	Vestre Slidre	Tilskot
VLMS Intermediær	§ 28	315	21 056 000	2 106 000	Nord-Aurdal	Etnedal kommune sin del er 10 %
NAV Valdres - administrasjon og rus	§ 28	320	13 830 000	1 036 000	Nord-Aurdal	Fellesbudsjett etter folketal
Valdres GIS	§ 27	400	2 461 000	96 000	Vang	Etter folketal
Visit Valdres AS	AS	408		100 000		Tilskot
Valdres Brann- og redningstjeneste IKS	IKS	410	30 000 000	3 000 000		Etnedal kommune sin del er 10%
Valdres kommunale renovasjon (slam)	IKS	412		1 500 000		Etter tal abonnentar i kommunen
Valdres kommunale renovasjon (hush.avfall)	IKS	412		4 000 000		Etter tal abonnentar i kommunen
SUM				22 441 000		

5. INVESTERINGSBUDSJETT 2019

Etnedal kommune nyttar rettleiaren «Budsjettering av investeringer og avslutning av investeringsregnskapet» utgjeven av Kommunal- og regionaldepartementet i oktober 2011. I denne blir det presisert at investeringsbudsjettet skal vera eittårig. Det vil seia at det ikkje er høve til å vedta budsjettet for eit heilt prosjekt som går over fleire år i sin heilskap på fyrste året for prosjektet. Dersom eit prosjekt ikkje kjem i gang, eller utgiftene blir lægre enn ein hadde trudd på budsjettidspunktet, skal det gjerast budsjettendringar dette året slik at budsjettet er i samsvar med faktiske utgifter same år. Restbeløpet blir då rebudsjettert neste år. Det vil difor årleg bli lagt fram ei sak for kommunestyret før jul om budsjettendringar på investering .

For 2019 er det lagt inn lønnsmidlar tilsvarende ei halv stilling av eigne tilsette i investeringsbudsjettet.

Fyrst blir totaltala for investeringsbudsjettet presenterte, deretter kjem det ei meir detaljert oversikt under økonomiplanbolken.

Investeringsbudsjett 2019	Budsjett 2019	Budsjett 2018	Rekneskap 2017
Inntekter			
Sal av driftsmidler og fast eiendom	500 000	6 300 000	534 000
Andre salsinntekter	-	-	-
Overføringer med krav til motyting	-	-	83 360
Kompensasjon for meirverdiavgift	3 295 000	6 427 350	2 369 447
Statlege overføringer	1 925 000	5 050 000	1 000 000
Andre overføringer	-	-	1 087 721
Renteinntekter og utbyte	-	-	-
Sum inntekter	5 720 000	17 777 350	5 074 528
Utgifter			
Lønnsutgifter	288 000	-	627 360
Sosiale utgifter	144 120	-	3 303
Kjøp av varer og ten. som går inn i ten.produksj	16 675 000	42 936 750	33 722 469
Kjøp av tenester som erstattar ten.produksjon	3 967 880	-	77 768
Overføringer	0	1 150 000	2 927 421
Renteutgifter og omkostningar	-	-	-
Fordelte utgifter	-	-	(550 594)
Sum utgifter	21 075 000	44 086 750	36 807 727
Finanstransaksjonar			
Avdrag på lån	367 000	344 000	283 435
Utlån	-	-	623 996
Kjøp av aksjar og andeler	530 000	480 000	472 864
Dekking av tidl års udekka	-	-	-
Avsett til ubundne investeringsfond	-	-	-
Avsett til bundne investeringsfond	-	-	197 212
Sum finansieringstransaksjonar	897 000	824 000	1 577 507
Finansieringsbehov	16 252 000	27 133 400	33 310 706
Dekka slik:			
Bruk av lån	15 885 000	23 789 400	26 494 646
Sal av aksjar og andeler	-	-	166 667
Mottekne avdrag på utlån	367 000	344 000	244 974
Overført fra driftsregnskapet	-	-	-
Bruk av tidligere års udisponert	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	-	3 000 000	3 600 000
Bruk av bundne driftsfond	-	-	-
Bruk av ubundne investeringsfond	-	-	-
Bruk av bundne investeringsfond	-	-	38 187
Sum finansiering	16 252 000	27 133 400	30 544 473
Udekka/udisponert	-	-	(2 766 233)

Budsjettskjema 2A - investering	Budsjett 2019	Budsjett 2018	Rekneskap 2017
Investeringar i anleggsmidler	21 075 000	44 086 750	36 807 727
Utlån og forskutteringar	-	-	623 996
Kjøp av aksjar og andeler	530 000	480 000	472 864
Avdrag på lån	367 000	344 000	283 435
Dekking av tidl års udekka	-	-	-
Avsetningar	-	-	197 212
Årets finansieringsbehov	21 972 000	44 910 750	38 385 234
Finansiert slik:			
Bruk av lånemidler	15 885 000	23 789 400	26 494 646
Inntekter frå sal av anleggsmidler	500 000	6 300 000	700 667
Tilskot til investeringar	1 925 000	5 050 000	2 087 721
Kompensasjon for merverdiavgift	3 295 000	6 427 350	2 369 447
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	367 000	344 000	328 334
Andre inntekter	-	-	-
Sum ekstern finansiering	21 972 000	41 910 750	31 980 814
Overført frå driftsbudsjettet	-	-	-
Bruk av tidl års udisponert	-	-	-
Bruk av avsetningar	0	3 000 000	3 638 187
Sum finansiering	21 972 000	44 910 750	35 619 001
Udekka/udisponert	-	-	(2 766 233)

6. ØKONOMIPLAN DRIFT OG INVESTERING 2019 – 2022

Økonomiplan drift er ei vidareføring av drifta i 2018 med kjende endringar i planperioden. Det er lagt inn desse føresetnadene:

- avdrag og renter er rekna med utgangspunkt i framlegg til investeringsplan, rentesats 2020 – 2022 er estimert til 3 %
- årleg lønns- og prisvekst i økonomiplanperioden er sett til 3 %, men berre på postar der det ikkje er til å unngå
- årleg vekst i skatteinntekter og rammetilskot er sett til 0,8 %
- utgifter og inntekter i samband med planlagde investeringar og andre tiltak er lagt inn i den grad dei er kjende

Økonomiplan drift 2019 - 2022					
		Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	Note	2019	2020	2021	2022
Driftsinntekter					
Brukarbetalingar		5 416 000	5 578 480	5 745 834	5 918 209
Andre sals- og leigeinntekter	1	13 525 490	13 931 255	14 349 192	14 779 668
Overføringar med krav til motyting		4 525 817	4 661 592	4 801 439	4 945 482
Rammetilskot		71 494 000	72 065 952	72 642 480	73 223 619
Andre statlege overføringar	2	7 793 816	4 028 630	2 554 889	1 757 136
Andre overføringar		147 932	152 370	156 941	161 649
Skatt på inntekt og formue	3	33 000 000	33 264 000	33 530 112	33 798 353
Eigedomsskatt	4	7 271 000	7 450 000	7 650 000	7 700 000
Sum inntekter		143 174 055	141 132 279	141 430 888	142 284 118
Driftsutgifter					
Lønn og sosiale utgifter		93 431 313	92 514 752	93 590 195	95 597 901
Kjøp av varer og tenester som går inn i ten.prod	5	13 931 920	14 314 878	14 744 324	15 186 654
Kjøp av tenester som erstattar ten.prod		28 537 050	27 706 769	26 916 372	26 849 463
Overføringar		3 451 500	3 555 045	4 161 696	4 286 547
Avskrivningar					
Fordelte utgifter					
Sum driftsutgifter		139 351 783	138 091 443	139 412 587	141 920 564
Brutto driftsresultat		3 822 272	3 040 835	2 018 301	363 553
Finansinntekter og renteutgifter					
Renteinntekter og utbyte		2 274 200	2 275 000	2 275 000	2 275 000
Renteutgifter		-1 743 400	-2 391 700	-2 851 000	-2 938 000
Avdrag på lån		-4 397 000	-4 818 300	-5 561 700	-5 476 000
Resultat av eksterne finanstransaksjonar		-3 866 200	-4 935 000	-6 137 700	-6 139 000
Motpost avskrivningar					
Netto driftsresultat		-43 928	-1 894 165	-4 119 399	-5 775 447
Interne finanstransaksjonar					
Bruk av tidl års reknesm mindreforbruk					
Bruk av disposisjonsfond	6	163 648	1 894 165	4 119 399	5 775 447
Bruk av bundne fond		180 280	0	0	0
Sum bruk av avsetningar		343 928	1 894 165	4 119 399	5 775 447
Overført til investeringsreknenskapen					
Avsett til disposisjonsfond		0	0	0	
Avsett til bundne fond		300 000			
Sum avsetningar		300 000	0	0	0
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk		0	0	0	0
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk		0	0	0	0

Note 1:

Det er ikkje lagt inn auke inntekter frå vatn- og avløpsanlegg i økonomiplanperioden.

Note 2:

Det er føresett at inntekter og utgifter i samband med flyktningar blir i balanse 2020 og utover i økonomiplanperioden.

Note 3:

Det er føresett ein vekst i skatteinntektene på 0,8% i økonomiplanperioden.

Note 4:

Det er føresett årleg ferdigstilling av ca. 30 nye hytter i kommunen kvart år i økonomiplanperioden. Dette gjev auka inntekter på eigedomsskatt sjølv etter at nedtrappinga av inntekter av tidlegare «verk og bruk» er teke omsyn til.

Note 5:

Driftstilpassingstiltaka fører til reduserte driftsutgifter.

Note 6:

